
Saksnr: 2023/38525-12
Saksbehandlar: Åsta Navelsaker Røed

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		25.04.2023

Justering av opplæringstilbudet for skuleåret 2023/24**Forslag til vedtak**

1. Opplæringstilbudet vedteke i hovudutval for opplæring og kompetanse i sak 42/2022 vert tilrådd justert slik:

1	Skole	Nivå	Utdanningsprogram	Programområde	Auke	Reduksjon	Frå	Til
1	Kvinnherad vgs	1	Bygg- og anleggsteknikk	Bygg- og anleggsteknikk		-1	2	1
1	Stord vgs	2	Bygg- og anleggsteknikk	Klima, energi og miljøteknikk		-0,5	0,5	0
					1 plass vert set av ved vg2 tømrar			
1	Stord vgs	2	Bygg- og anleggsteknikk	Overflateteknikk		-0,5	0,5	0
					1 plass vert set av ved vg2 tømrar			
1	Austevoll vgs	2	Teknologi- og industrifag	Maritime fag	1		3	4
2	Voss gymnas	2	Frisør, blomst, int, eksp. design	Frisør		-1	1	0
2	Voss vgs	1	Teknologi- og industrifag	Teknologi- og industrifag	1		2	3
2	Odda vgs	2	Helse- og oppvekstfag	Helsearbeidarfag		-0,5	1	0,5
3	Amalie Skram vgs	1	Salg, service og reiseliv	Salg, service og reiseliv		-1	4	3
3	Arna vgs	1	IT og medieproduksjon	IT og medieproduksjon	1		1	2
3	Askøy vgs	1	Bygg- og anleggsteknikk	Bygg- og anleggsteknikk	1		4	5
3	Askøy vgs	1	Helse- og oppvekstfag	Helse- og oppvekstfag	1		2	3
3	Askøy vgs	3	Påbygging	Påbygg. gen. studiekompetanse	1		1	2
3	Askøy vgs	1	Teknologi- og industrifag	Teknologi- og industrifag	1		3	4
3	Fusa vgs	1	Restaurant- og matfag	Restaurant- og matfag		-0,5	1	0,5
3	Fusa vgs	1	Teknologi- og industrifag	Teknologi- og industrifag	1		1	2
3	Fyllingsdalen vgs	3	Påbygging	Påbygg. gen. studiekompetanse	1		1	2
3	Fyllingsdalen vgs	2	Helse og oppvekstfag	Barne- og ungdomsarbeidarfag, SK 3 år		-1	1	0

3	Sandsli vgs	2	Restaurant- og matfag	Kokk- og servitørfag		-1	3	2
3	Slåtthaug vgs	1	Teknologi- og industrifag	Industrieteknologi	1		1	2
3	Slåtthaug vgs	1	Elektro og datateknologi	Elektro og datateknologi	1		2	3
3	Sotra vgs	1	Bygg- og anleggsteknikk	Bygg- og anleggsteknikk	1		3	4
3	Sotra vgs	1	Salg, service og reiseliv	Salg, service og reiseliv	1		1	2
3	Sotra vgs	1	Teknologi- og industrifag	Teknologi- og industrifag	1		4	5
3	Stend vgs	1	Salg, service og reiseliv	Salg, service og reiseliv	1		3	4
3	Stend vgs	2	Salg, service og reiseliv	Salg, sikkerhet og admin.		-1	1	0
3	Stend vgs	2	Salg, service og reiseliv	Salg og reiseliv	0		1	1,5
3	Stend vgs	1	Naturbruk	Naturbruk		-2	3	1
3	Årstad vgs	2	Elektro og datateknologi	Datateknologi og elektronikk	1		1	2
3	Årstad vgs	3	Helse- og oppvekstfag	Hudpleie		-1	2	1
3	Åsane vgs	3	Påbygging	Påbygg. gen. studiekompetanse	1		1	2
4	Knarvik vgs	1	Helse og oppvekstfag	Helse og oppvekstfag		-1	4	3
5	Sogndal vgs	2	Bygg- og anleggsteknikk	Klima, energi og miljøteknikk		-0,2	0,2	0
5	Sogndal vgs	2	Bygg- og anleggsteknikk	Rørlegger	0		0,5	1
5	Sogndal vgs	2	Bygg- og anleggsteknikk	Tømrer	1		1	2
5	Sogndal vgs	1	Bygg- og anleggsteknikk	Betong og mur		-0,3	0,3	0
					4 plassar vert sett av ved vg2 tømrar			
5	Sogndal vgs	3	Idrettsfag	Idrettsfag	0		1,5	2
6	Dale vgs	1	Helse og oppvekstfag	Helse og oppvekstfag		-1	2	1
7	Flora vgs	2	Elektro og datateknologi	Elenergi og ekom		-1	2	1
7	Førde vgs	3	Påbygging	Påbygg. gen. studiekompetanse	1		1	2
7	Førde vgs	3	Naturbruk	Studieforberedende naturbruk		-1	1	0
7	Førde vgs	3	Naturbruk	Landbruk		-1	1	0
7	Høyanger vgs	2	Teknologi- og industrifag	Industrieteknologi		-1	1	0
7	Høyanger vgs	1	Helse- og oppvekstfag	Hese- og oppvekstfag		-0,5	1	0,5
8	Eid vgs	2	Elektro og datateknologi	Datateknologi og elektronikk		-1	1	0
8	Eid vgs	1	Studiespesialisering	Studiespesialisering		-1	2	1
8	Eid vgs	2	Bygg- og anleggsteknikk	Treteknikk		- 5plassar	5 plassar	0
8	Måløy vgs	2	Helse og oppvekstfag	Barne- og ungdomsfagarbeidar		-1	1	0
8	Stryn vgs	1	Teknologi- og industrifag	Teknologi- og industrifag	1		1	2
					21,5	-21		

2. Avdelingsdirektøren får fullmakt til å omdisponere klassar, la vere å sette i gang tilbod som får svært lågt elevtal og opprette nye klassar innanfor vedteken økonomisk ramme og tilbodsstruktur, dersom det viser seg å bli nødvendig for å gi alle søkjarane med ungdomsrett eit skuletilbod. I inntaksområde stor-Bergen ber avdelingsdirektøren om utvida fullmakt til også å gjere, endringar på programområde dersom tilbodet finst ved andre skular i rimeleg nærleik.

Samandrag

Avdelingsdirektøren legg i denne saka fram tilråding til justering av det utlyste opplæringstilbodet for skuleåret 2023/24. Grunnlaget for framlegget er resultat av søkinga per 1.3.2023 og «Lokal forskrift om inntak og formidling for Vestland fylkeskommune» (FT-sak 107/2020).

Bjørn Lyngedal
avdelingsdirektør

Tor Ivar Sagen Sandvik
seksjonsleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Justering av opplæringstilbodet 2023-24
- 2 Samla tilbod i avdelingsdirektøren si tilråding for skuleåret 2023 24 pdf
- 3 Innspel frå skulane
- 4 Innspel frå opplæringskontor

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I denne saka blir det lagt fram tilråding for justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2023/24. Saka bygger på dei tilbod som var vedtatt lyst ut for skuleåret 2023/24 og justeringar av tilbodet basert på søkjartal pr. 01.03.2023.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for opplæring og kompetanse har mynde til årleg å vedta tilbodet om vidaregåande opplæring i fylket innanfor den økonomiske ramma som er vedteken av fylkestinget, jf. kap 26, § 3-1 reglement for delegering etter særlov.

Medverknad

Sak om justering av opplæringstilbodet er ei tilpassing av tilbodsstrukturen etter faktiske søkartal per 1. mars, og avdelingsdirektøren har då ikkje involvert medverknadsorgana.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Auken i tal økonomiske klassar finansiert over den økonomiske ramma for ordinær opplæring, samanlikna med det utlyste tilbodet i novembersaka, er 5,25. Dette inneber ein auke på 3,75 økonomiske klassar samanlikna med inneverande skuleår. Årsaka er elevtalsauke, konsekvensar av søkinga 1. mars og at avdelingsdirektøren i novembersaka la fram ein stram tilbodsstruktur.

Samla sett legg avdelingsdirektøren med dette fram ei tilråding 1,25 klassar under den økonomiske ramma.

Tilbodsstrukturen er stram. Det er framleis uvisse knytt til elevar som står utan tilbod i prognoseinntaket, særskilt i stor-Bergen. Det er difor viktig å ha eit handlingsrom for å sikre eit godt inntak, ved at avdelingsdirektøren får fullmakt til å tilpasse opplæringstilbodet gjennom inntaksperioden. Dette inneber at avdelingsdirektøren kan omdisponere klassar, la vere å sette i gang tilbod som får svært lågt elevtal og opprette nye klassar innanfor vedteken økonomisk ramme og tilbodsstruktur, dersom det viser seg å bli nødvendig for å gi alle søkjarane med ungdomsrett eit skuletilbod. I inntaksområde stor-Bergen ber avdelingsdirektøren om utvida fullmakt til også å gjere, endringar på programområde dersom tilbodet finst ved andre skular i rimeleg nærleik.

Klima:

Ingen målbar effekt. Redusert reisetid for søkarane kan gi reduserte utslepp

Folkehelse:

Ein tilbodsstruktur som mogeleggjør at søkarane i stor grad får tilbod om vidaregåande opplæring med utgangspunkt i den enkelte sine ønskjer og behov kan bidra til å auke gjennomføring i vidaregåande opplæring. Grad av gjennomføring kan ha verknad på folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Fylkeskommunen har ein samfunnsutviklarrolle og skal bidra til verdiskaping i regionen. Med føresetnader som ligg til grunn for dimensjonering av vidaregåande opplæring, planlegg fylkeskommunen ein tilbodsstruktur som i størst mogeleg grad skal legge til rette for at arbeids- og næringslivet skal få tilført tilstrekkeleg og god kompetanse.

Konklusjon

Avdelingsdirektøren legg med dette fram tilråding til justering av det utlyste opplæringstilbud for skuleåret 2023/24.